

Universitetet i Stavanger
Det humanistiske fakultetet

ARBEIDSGRUPPA HUM 06/10

Møtereferat

Torsdag 11. mars 2010
Dekanen sitt kontor
Kl 12.00-15.00

Til stade:

Tor Hauken, leiar
Odd Folke Topland, fakultetsdirektør
John B. Møst, universitetsdirektøren sin representant
Nils Mæhle, ekstern representant
Anita Berge, fagleg representant IFU
Finn Tveito, fagleg representant IKS
Gaute Auestad, felles fagleg representant SAF & SLF
Leith Symington, representant frå faforeningane (Forskerforbundet), til 13.45
Eilef J. Gard, sekretær

Gruppa vil verta supplert med ein studentrepresentant

Meldt forfall:

Rune Giske, fagleg representant IAS
Dag Jostein Nordaker, fagleg representant IMD

Dekanen orienterte om samansetjinga av gruppa. Deretter vart det gjeve høve til gruppemedlemene å presentera seg sjølv og si avdeling.

Referat frå møta vil verta offentleggjorde.

Innkalling

Innkallinga vart godkjent.

Mandatet

Tor Hauken viste til styrevedtaket, sak 06/10 og brev frå universitetsdirektøren og gjorde greie for saka.

Gruppa drøfta mandatet på bakgrunn av referatet frå møtet 4. mars og ga Tor Hauken og Eilef Gard fullmakt til å utforma tekst i etterkant av møtet.

Framlegg til mandat:

UiS har gjennom breidda på studieprogramma og nivået på den faglege kompetansen føresetnader for å kunna gje dei beste lærarutdanningane i landet. Arbeidsgruppa si innstilling skal leggja grunnlag for å realisera dette gjennom å gje godt funderte framlegg til ei ny fagleg og administrativ organisering av Det humanistiske fakultetet. Alle lærarutdanningane skal profilerast gjennom integrasjon av teori og praksis. Framlegget til ny organisering skal vidare omfatta fylgjande:

- Fakultet skal framstå som eit lærarutdanningsfokuserert fakultet.
- I vurderinga av organisasjonsform skal matriseorganisering vera ein av modellane.
- Innstillinga kan også presentera ei vidareføring av dagens modell basert på dei eksisterande institutta, men med fakultær disponering av dei faglege ressursane.
- Innstilling skal spesielt ta opp integrering av sentra i lærarutdanningane.
- Innstillinga bør vurderer felles emnestorleik for heile fakultetet.

Tidsplan

Følgende møter er daterte:

Torsdag 11. mars kl 12.00 – 15.00

Onsdag 7. april kl 12.00 – 15.00

Torsdag 22. april kl 12.00 – 15.00

Onsdag 5. mai kl 12.00 – 15.00

Onsdag 12. mai kl 12.00 – 15.00

Arbeidsoppgåver

Tor Hauken innleia. Fakultetet er spesifikt pålagt å greia ut full matrisemodell. Den modifiserte modellen me har i dag har gått seg til. Alle instituttleiarane er einige i at me må finna ei meir fleksibel og effektiv utnytting av dei faglege ressursane. Det skal vera eit leiarseminar på fakultetet om dette i begynnelsen av april. Etter dette vil det verta lagt fram ein rapport som skal sendast til denne gruppa.

John Møst presenterte eit framlegg til matrise med relativt faghomogene grupper. Modellen gir den fordelene at fagmiljøa vert større og at dei kan utnyttast meir effektivt. Ulemper kan vera at det pedagogiske kan verta svekka.

Nils Mæhle viste til at modellen har vorte prøvd i lærarutdanningar i mange år. Så langt er det berre Universitetet i Agder som har lukkast. Modellen ser grei ut, men er ikkje heilt enkel å innføra.

I den vidare samtalen vart det også helde fram at lærarutdanningane er avhengige av at dei homogene faggruppene har eit fokus på det pedagogiske. Ein må ha både faget og det didaktiske inn i utdanningane.

Nils Mæhle har kontakta UiO, UiB, NTNU og UiT og vil leggja fram notat om lærarutdanningane ved desse institusjonane. Etter at notatet er presentert vil gruppa eventuelt invitera representantar frå nokre av desse institusjonane til å presentera sine erfaringar med eigne lærarutdanningar, og/eller at representantar frå arbeidsgruppa reiser på besøk til nokre av institusjonane.

Til neste møte

- Tor Hauken gjer greie for den modifiserte matrisemodellen.
- Presentasjon av den nye GLU, ved representant for instituttet.
- Oversiktleg samanlikning av dei fire utdanningane, ved Odd Folke Topland.

Eilef J. Gard
Sekretær